



Kvam Senterparti

Interpellasjon til heradsstyremøte 20.10.2021

Bustadfelt på Laupsa

Det har sidan slutten på 90-talet vore arbeidd med regulering av bustadområde på Laupsa, Kalhageneset. Undervegs har deler av området vorte teke ut av kommuneplanen, og aktuelt område er no i reguleringsplanen med namn Laupsa. Dette er ein privat plan, og det vore gjort positive vedtak, men utbyggjar signaliserer at dei føler seg motarbeidd, og er i ferd med å gje opp.

Det minkar på tomter i Øystese, og dette området ligg innanfor det som vert rekna som «særleg gode område for bustadbygging» i kommuneplanen.

Me kan og sitera frå tekstdelen i kommuneplanen:

Med regionsenteret som kjerne, må området Laupsa-Øystese-Steinsdalen-Norheimsund-Vikøy vidareutviklast til «Tettstadsområde Kvam i Hardanger», som eit endå meir attraktivt område med potensiale for å tiltrekke seg fleire kreative og skapande folk. «Tettstaden Kvam» (tettstadsområde Kvam i Hardanger) har mange attraktive område for variert busetnad. Kvam skal i framtida vera eit naturleg val for aktive barnefamiljar som ynskjer seg eit liv utanfor bykjernen, men i pakt med tettstaden og naturen.

Kvam Senterparti meiner at motsegn knytt til støyforhold ikkje er relevant, strandsoneverdiar kan løysast og at Laupsa skal liggja utanfor definert gangavstand frå Øystese er ikkje relevant utifrå tekst i kommuneplanen:

Kommuneplan side 35:

5. Einebustader kan berre byggjast utanfor sentrum og utanfor området definert som 10 minutt gåavstand. Dei områda som ligg innanfor 20 minutt sykkelavstand frå sentrum vert rekna som særleg gode område for bustadbygging.

Kvam Senterparti ynskjer å fremja følgjande framlegg til vedtak:

Heradsstyret oppmoder administrasjonen om å sakshandsama eventuelt nytt framlegg til reguleringsplan for Laupsa positivt, med mål om etablering av 20 bueiningar, gjennom ein kombinasjon mellom eine- og tomannsbustadar.

Med helsing
Kvam Senterparti

Gjermund Stuve